

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 12.06.2019

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram forslag om at saka vart utsett.

### Røysting til forslaget om utsettjing

Forslaget fekk 6 røyster (Frp, H og V) og fall. Saka vart dermed realitetsbehandla.

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget tek utkast til Byvekstavtale for Bergensområdet 2019-2029 datert 06.06.19 til orientering.
2. Politisk styringsgruppe har avgjort at sluttforhandlingane av byvekstavtalen skal skje etter lokalvalet 2019. Dette inneber at det er Vestland fylkeskommune som formelt skal inngå avtalen. Endeleg godkjenning og tilslutning til avtalen må dermed skje i Vestland Fylkesting i 2019.

Punkt 3 og 4 i fylkesrådmannen si innstilling utgår.»

**Kjell Gitton Håland (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

1. Fylkestinget viser til framforhandla avtaletekst for perioden 2019-2029. Avtalen er eit godt grunnlag for eit forpliktande areal- og transportpolitisk samarbeid i Bergensområdet. Fylkestinget meiner den økonomiske ramma i avtalen er god og at avtalen vil bidra til å finansiere viktige drifts- og investeringstiltak i regionen.»

### Røysting

Søviknes sitt forslag punkt 1 fekk 6 røyster (Frp, H og V) og fall. Søviknes sitt vidare forslag fekk 5 røyster (Frp og H) og fall.

Håland sitt forslag fekk 8 røyster (A, KrF og Sp) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 og 4 fekk 10 røyster (V, SV, KrF, Sp og A) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget viser til framforhandla avtaletekst for perioden 2019-2029. Avtalen er eit godt grunnlag for eit forpliktande areal- og transportpolitisk samarbeid i Bergensområdet. Fylkestinget meiner den økonomiske ramma i avtalen er god og at avtalen vil bidra til å finansiere viktige drifts- og investeringstiltak i regionen.
2. Politisk styringsgruppe har avgjort at sluttforhandlingane av byvekstavtalen skal skje etter lokalvalet 2019. Dette inneber at det er Vestland fylkeskommune som formelt skal inngå avtalen. Endeleg godkjenning og tilslutning til avtalen må dermed skje i Vestland Fylkesting i 2019.
3. Fylkestinget viser til dei gode resultata ein ser i Bergensområdet med omsyn til reduserte bilandelar og svært gode kollektivtal. Fylkestinget uttrykkjer difor ei forventning om at høgare statlege rammer vert lagt på bordet ved reforhandling av avtalen, i 2021. Fylkestinget uttrykkjer og ei forventning om at finansiering av bybanens byggetrinn 5 til Åsane vert sikra i neste NTP (2022-2033).

4. Fylkestinget peikar på viktigeita av at strekninga E 39 Klauvaneset – Vågsbotn vert realisert snarast mogleg. Fylkestinget uttrykkjer ei forventning om at dette riksvegprosjektet vert finansiert med statlege midlar gjennom neste NTP (2022-2033).